

# Folkemøte kommuneplanen sin arealdel

## Referat

<b>Møtedato:</b>	<b>06.02.2023</b>	<b>Møtestad:</b>	Sande skule
<b>Til stades:</b>	<b>60 pers</b>		

<b>Møteleiar:</b>	<b>Terje Heggheim</b>
-------------------	-----------------------

**Ordførar Jenny Følling** ønskte velkomen. Ho sa det er viktig å få på plass ein arealplan for heile kommunen. I dag er det ulike planar og litt utfordrande med ulike reglar. Fyrste generasjon arealplan.

Det har vore eit stort engasjement med mange innspel til planoppstarten.

Ho kunne forsikre om at vindkraft-saker ikkje vert behandla etter gamal lov. NVE sitt mulighetsstudie vert presentert av Multionsult.

### **Kommunedirektør Terje Heggheim (TH)**

Ønskte velkomen. Han annonserte folkemøte om vindkraft 1.mars i Gaularhallen. Har full forståing for at det er behov for informasjon og drøfting av ei viktig sak.

### **Arild Horsevik, Sande nærmiljøråd**

Sjå heile presentasjonen i vedlegget. Sande har ei god utvikling og her på Sande er det fødd nærmare 42 born i 2022.

Steiafeltet har gitt mange nye innbyggjarar. Her er gode solforhold (sola går ned kl 23:30!). Kort veg til alt – skule, barnehage.

Men manglar tilbod for ungdomar, samanhengande gang- og sykkelveggar, for enkelte strekningar manglar gatelys.

Nærmiljørådet vil spele inn byggefelt på Skagen.

Kollektivtilbod Sande- Førde på sein kveld. Langtids-parkering ved buss-haldepalss.

Forslag om interaktiv info-tavle ved E39 for å trekke turistar.

Kommentar frå TH: Bruke det gamle kommunehuset. Vi jobbar vidare med økonomi til nærmiljørådet. Vert lagt fram sak om det til politikarane.

## Kommuneplanen sin arealdel

**Patrick Langeland (PL)** presenterte prosessen og innhaldet i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Han snakka om kommuneplansystemet og arealstrategien med 12 punkt som er grunnleggande for KPA.

Plan legg opp til folketalsvekst og berekraftig utvikling. Viktige tema i planen er plassering av nye bustadformål. Offentleg og privat tenesteyting, handel og næring. Omsyn til natur, kultur og fulldyrka jord. Korleis skal denne planen følgje opp samfunnsdelen og bidra til å nå FN sine berekraftsmål.

Vi har ikkje fått plass til alt i denne planen, men den skal rullerast og då kan vi vurdere nye innspel.

Det har vore stort engasjement og det kom mange innspel frå Sande ved oppstart av planen. Alle forslaga har vore vurdert og «sila» etter kriteria fastsett av formannskapet. Det som kom gjennom «sila» er konsekvensvurdert (KU) og risiko og sårbarheitsvurdert (ROS).

Plankart og føresegner er juridisk bindande.

Alle kan kome med merknader til planen innan **fristen 28. februar.**

Skjema til merknad finn de her:

<https://skjema.onacos.no/sunnfjord/prod/dialogue/SUN0065/?arkivsak=23/65>

Sjå heile presentasjonen i vedlegget.

Det har skjedd mykje utbygging i nyare tid. Sande er ein av stadane med sterkast vekst av innbyggjarar.

Valgt å ta ut Skagen som er utfordrande i høve tilkomst og trygg skuleveg.

LNF-spreidd som motsatsen til sentrumsføremål.

LNF-spreidd – opna for 3-4 bueiningar utan regulering.

### **Områderegulering (OR) for Sande sentrum**

Med bakgrunn i Glad i Gaular 2012.

Motsegn 2019/2020: SVV, VFK, NVE

Ny prosess og ny motsegn i 2023: Rydda vekk nokre motsegnsgrunnar.

Planforslaget var framleis i strid med regional handelsføresegn for Sogn og

Fjordane. Kulturminnelova – Gravhaug.

Planforslaget vart vist. Her er lagt inn ny gang og sykkel-veg

**Spørsmål Gunnar Eikeland:** Trengs det så detaljerte reguleringsplanar for Lundegrend? Kva restriksjonar får vi?

Er det berre snakk om sentrumsområde? Lundegrend treng enklare forhold kor det kan byggast meir fritt.

Vi som har planar om å starte næring på eige gardsbruk må kunne utvikle dette i LNF-område.

**Svar PL:** LNF-spreidd er eit svar på bygging i grendene. Vart sendt ut oppfordring til alle aktive bønder i Sunfjord om å spele inn LNF-spreidd

**Spørsmål Jarl Tyssekvam:** Ser ut til at kommunen har tenkt over korleis sentrum skal fungere. Det er 6 år sidan E39 forsvann utanfor sentrum. Rolegare forhold mellom Steiebrua og Nistadkrysset. Smal bru treng opprusting og må få plass gangbru. Viktig å få ein trygg samanheng mellom Sande sjukeheim og gamle kommunehuset og sentrum. Nistadkrysset er farleg – stor trafikk gjennom gamle Trolleskaret. Det er ikkje berre i Førde at det er farleg å gå langs ein hovudveg. Vi må bygge sentrum for dei mjuke trafikantane.

**Svar PL:** I planforslaget til ny Områdereguleringsplan er ny løysing for Nistadkrysset teikna inn. Ny gs-vegar er også foreslått. Lagt vekt på fortetting

**Spørsmål Per Kjelstad, leiar i eldrerådet:** Kor detaljert skal ein vere når ein spelar inn til KPA? F.eks uteområde for Sande omsorgssenter. Meir parkeringsareal. Fleire omsorgsbustader. Få tatt i bruk «branntomta» til enkle og rimelege leiligheiter.

**Svar TH:** Det vil kome fleire prosessar der vi tek omsyn til det som er spelt inn i høve omsorgsbustadar.

**Spørsmål Per Kårstad, hotellet:** Kulverten ved skulen. Når elva veks – manglar kulverten utlaup. Fullt med vatn i kjellaren. Terrenget ligg delvis på myr som er drenert av den kulverten. Oppfordrar NVE om å vurdere tiltak.

**Svar PL:** OR-planforslaget la tilrette for kulvert med omsyn til tryggleik for skuleborn. Utfordring med overvatn vert teke tak i av Teknisk Drift. Vi er kjent med at det er flaumproblem i dag knytt til vatn i kjellarane.

**Spørsmål Torodd:** Når skal vi byrje å gjennomføre planen. Branntomta må ordnast. Den gamle brua – må forbeistrast. Flaumområde. Bør rydde i kratt og skog kring Øyrane. NVE har stoppa ryddinga. Kan det gå an å få dispensasjon til skogrydding? Forslag om å utvide utløpet for å hindre flaum.

**Svar PL:** For kryssing av elva er det sett krav til detaljregulering.

**Spørsmål:** Branntomta har øydelagt for utvikling i Sande sentrum. Handlar om økonomi. Ekspropriere. Øyrane rundt er eit fint turområde. Tilrettelegging. Handlar om trivsel. Vi har også Tryti-området som eit flott turområde. Forslag om å sette opp skilt til Sande Nord.

**Henrik Lunde:** synst Sande sentrum har hatt ei god utvikling. Men har ei bekymring for alle dei areala som er busette, men ikkje ligg i sentrumsføremåla. Bekymra for at eit slikt plandokument kan sparke bein under busetjing i distrikta. Lågt folketal i Lunde grend. Statsforvaltaren konstruerer opp argument for at det ikkje skal byggast i distrikta.

**Svar PL:** LNF-spreidd er eit svar på utfordringa «Ta heile kommunen i bruk».

**Kommentar frå Nistad:** Han kom med forslag om ei kortsiktig løysing med markert felt for dei mjuke trafikantane over Steiebrua, der bilistar må vike.

## **Bolk 2 Mulighetsstudie for flaumsikring av Gaularvassdraget**

**Regionssjef NVE Aart Ver Haage (AVH):** Multiconsult er leigd inn til å utføre rapporten. Kommunen har ansvar for å ev sikre sine innbyggjarar.

### **Thea Caroline Wang presenterte rapporten.**

Skadeflaumen på Vestlandet i 2014 gir oss erfaringstal for konsekvensar av flaum.

Tiltak for å redusere flaumfaren i vassdraget.

Stort vassdrag- store vatn.

Hydraulisk modell – 200 års flaum med klimapåslag.

Mange av tiltaka aukar flaumfaren nedstraums.

6 tiltak er vurdert.

Tiltak 5 flaumtunell på Gaularfjellet med inntak Myravatn. Mulig å komb med kraftutbygging 180 – 280 GWh/år.

Nytte/kost: skadeprofil i høve kostnad til gjennomføring av tiltaket.

### **Spørsmål Åshild Kjelstad Seljesether**

Korleis kjem mulighetsstudiet til å bli brukt vidare?

Er tiltaka foreinelege med vernestatusen i vassdraget?

**Svar frå TCW:** Verneverdien er vurdert i rapporten.

**Svar frå AVH:** Dersom det er fare for liv og helse kan flaumsikring trumfe vernestatus. For Gaularvassdraget er det erfaringsmessig kun snakk om materielle skadar.

I kommunen sine arealplanar vert faresone flaum lagt inn med krav til utgreiing og sikring av nye tiltak.

### **Spm Einar Brendsdal**

Kan vannstanden stå 1 m lågare enn normalt ved nokre av flaumsikringstiltaka? Er det vist visuelt?

**Svar frå TCW:** Vi har kun sett på flaumsituasjonar. Rapporten har beskrive dei tørre sonene som negativ konsekvens.

**Kommentar Aart Ver Haag:** NVE går ikkje vidare med nokon av tiltaka. Det må i tilfelle vere eit kommunalt ansvar.

**Kommentar Terje Heggheim:** Kommunen håpar at dei framleis kan samarbeide med NVE om ev flaumsikring i tida framover.

### **Oppsummering ved Jenny Følling**

Nærmiljørådet eit viktig kontaktpunkt for Sunnfjord kommune. Takk til Arild Horsevik. Pendlarbuss er viktig – vi held på med mobilitetsstrategi for Sunnfjord kommune. Parallelt går regional mobilitetsplan for Vestland. Gang- og sykkel er spelt inn til fylkeskommunen sin mobilitetsstrategi.

Når det gjeld Sande omsorgssenter og bustader, så er det viktig å legge til rette for eit aldersvenleg samfunn. Vi må ha eit ekstra blikk på leiligheiter i sentrum.

Verkemiddel LNF-spreidd- finne løysingar med å gje dispensasjon – kanskje ikkje i denne runda utan motsegn. Senterpartiet prøver å finne løysingar saman med Statsforvaltaren si landbruksavdeling.

Det er viktig med innspel no og om det ikkje kjem med no, så kan det kome med i neste omgang.

Spørsmål til branntomta på tampen. Kommunedirektøren informerer om at det har vore gjennomgang politisk. Her er ein relasjon mellom Statsforvaltaren si forureiningsmynde og grunneigar.

Forhandlingar om branntomta må vente til etter folkemøtet.

Takk for i kveld.